

Ruteinnspel frå kommunar og andre gjeldande frå 23. juni 2019

Vedlegg 1		Innspel som vert tilrådd imøtekomne:			
NR	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
1	NAV Aurland #10#	Buss Aurland - Sogndal	<p>Det er behov for tidleg buss frå Aurland til Lærdal/Sogndal. Utfordrande for flyktningar busett i Aurland å skaffe seg arbeidspraksis utanfor kommunen.</p> <p>Ynskjeleg at skuleruta frå Aurland til Sogndal kan stoppe i Lærdal.</p>	<p>Første ordinære rutebuss frå Aurland i retning Lærdal går i dag klokka 11.55.</p> <p>Frå hausten 2018 vert Aurland kommune si direkte skulerute til Sogndal overtatt av Kringom. Ruta vert open for alle reisande.</p> <p>Ruta vil få stopp ved Sviggum i Lærdal. Sidan det går lokal skulerute frå Lærdal til Sogndal treng ikkje ruta stoppe for påstiging, og stoppar berre dersom avstiging, noko som gjev rask framføring.</p>	Innspelet er allereie imøtekomne.
2	Aurland kommune #26#	Buss Aurland - Sogndal	<p>Vidareføre ei mest mogleg direkterute mellom Aurland og Sogndal vidaregåande, om morgon og ettermiddag.</p>	<p>Aurland kommune tok i si tid sjølv initiativ til ei direkterute mellom Aurland og Sogndal. Først med båt, sidan med buss.</p> <p>Bussruta gjekk med lukka dører gjennom Lærdal, tok ei seinare ferje og køyrde direkte til Ingafossen. På denne måten korta dei ned reisetida i forhold til det fylkeskommunale alternativet med tilførsel til ordinær rutebuss i Lærdal. Ruta har gått med tilskot frå fylkeskommunen og har gått utan ruteløyve, det vil seie den har vore stengd for andre enn elevar.</p> <p>Fylkeskommunen overtek frå hausten 2018 denne ruta. Sidan talet med reisande pr. no er stort nok til at vi må ha fleire vogner på dette tidspunktet kan ruta frå Aurland fortsette som direkterute. Ruta vert open for alle reisande og vil bruke noko lenger tid.</p> <p>Ved seinare justeringar vil ruta verte behandla som andre fylkeskommunale ruter. I all ruteplanlegging er tilrettelegging for langtreisande noko som vert teke omsyn til så langt mogleg innanfor økonomiske rammer. Vi kan soleis ikkje gje garanti for direkterute.</p>	Innspelet vert delvis imøtekomne.

3	Aurland kommune #26#	Kollektivtilbodet generelt	Kollektivtilbodet må leggast til rette for turistar saman med lokalreisande.	<p>Kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane er ope for alle reisande. Det er vektlagt å få til eit heilskapleg rutetilbod der rutene korresponderer og utfyller kvarandre. På denne måten er det mogleg å kome seg til og frå fylket, samt rundt i fylket.</p> <p>Fylkeskommunen har få reine turistruter. Eigne ruter for reine turistformål har ikkje vore eit satsingsområde for fylkeskommunen. Slike ruter er avhengig av tett samarbeid med turistnæringa for å kome inn i passasjerstraumane. Det kan vere krevjande å likebehandle ulike reiselivsaktørar.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner at det er viktig med eit kollektivnett som er attraktivt for alle reisande, også turistar. Dei økonomiske rammene til fylkeskommunen tillèt ikkje at fylkeskommunen går inn som reiselivsoperatør og tilbyr reine turistruter.</p> <p>For å gjere det lettare å planlegge og gjennomføre reiser med fylkeskommunale ruter vert det no t.d. arbeid med å kunne tilby billettering på nett.</p> <p>Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland jobbar også saman om prosjektet «Travel like the locals», som skal leggje til rette for rundturar med kollektivtransport for tilreisande turistar.</p>	Innspelet vert delvis imøtekome
4	Samarbeidsutval et Hauge skule, Bremanger #15#	Infrastruktur kollektiv	Fleire busskur, merking av busstopp, fleire parkeringsplassar i Smørhamn og lys i vegkrysset på Grov	<p>Infrastrukturiltak knytt til veg vert prioritert gjennom dei årlege rulleringane av veginvesteringane.</p> <p>Fylkesdirektøren vidaresender innspela til Statens Vegvesen</p>	Innspela vert vidaresendt.
5	Fjaler kommune #28#	Buss Folkestad – Førde	Bed om at ruta Folkestad – Førde – Folkestad vert starta opp att om sommaren slik at den vert heilårleg.	<p>Mange ruter har færre passasjerar om sommaren. Då har både elevar og arbeidstakarar ferie.</p> <p>Grunna få reisande er mange tidlegare heilårsruter blitt innstilt om sommaren.</p> <p>I samband med kuttrundane tidlegare år vart det redusert nokre ruter i området. Frå 2016 vart det på ny oppretta eit samband om sommaren mellom Folkestad og Førde:</p> <p>Vi har følgjande rutetilbod Folkestad kl.07.55 - Dale kl.08.50 - Førde kl.10.00.</p> <p>Retur frå Førde kl.10.30-Dale kl.11.30.-Dale kl.12.00.- Folkestad kl.13.05.-Hyllestad kl.14.05.</p> <p>Dersom avgangen frå Dale kl. 12.00 vert utsett til kl. 14.00 vi reisande få et alternativt samband frå Førde klokka 13.00.</p>	Innspelet er imøtekome.

				<p>Dei som har ærend i Førde får soleis høve til å kome seg fram og tilbake.</p> <p>Fylkesdirektøren vil ta opp det spørsmålet med kommunen.</p>	
6	Fjaler kommune #28#	Ferje Askvoll - Fure	Bed om å få behalde ferjeruta Askvoll – Fure.	<p>Trafikken på sambandet Askvoll – Fure har gått ned etter at dalsfjordsambandet vart opna. Sambandet har vorte nemnt i samband med tidlegare kuttrundar.</p> <p>Sjølv om trafikken har gått ned, er sambandet viktig for dei som nyttar det.</p> <p>Det ligg ikkje føre konkrete planar i dag om å legge ned eller redusere sambandet.</p>	Innspelet er delvis imøtekome.
7	Fjaler kommune #28#	Rutetilbodet generelt	Forventar at rutetilbodet etter år med nedskjering ikkje vert redusert ytterlegare, men kan styrkast.	Etter fleire år med innsparingstiltak er det i år ikkje lagt opp til nedskjeringar. Det vert lagt opp til mindre forbetringar i kollektivtilbodet i fylket.	Innspelet er imøtekome.
8	Fjaler kommune #28#	Veg Guddal - Vadheim	Fjaler kommune er imot å vinterstenge vegen mellom Guddal og Vadheim.	<p>Denne kjøpssaka omhandlar kollektivtilbodet.</p> <p>Fylkesdirektøren tek med seg innspelet inn mot dei prosessane som omhandlar veg.</p>	Innspelet vert sendt over.
9	Unni Hygen	Fjaler	Folkestad 07.45 – Dale 08.50 må gå også i haust og vinterferie.	<p>Ruta Folkestad 07.45 – Dale 08.50 går heile året unnateke haust og vinterferie.</p> <p>Om sommaren er ruta korrigert med 10 minutt seinare avreise grunna færre reisande og difor litt raskare rutetid.</p> <p>Det vil koste om lag 15 000 kr å gjere ruta Folkestad – Dale heilårleg.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til å køyre sommarruta på skulefrie dagar i skuleåret.</p>	Innspelet vert imøtekome.
10	Flora kommune #31#	Buss Førde - Florø	Styrke rutetilbodet på sommar og helg. Spesielt avgangen frå Florø til Førde kl. 07.00 er sakna.	<p>Ruteproduksjonen vert redusert i ferieperiodane når reisebehovet er mindre. Det er ofte ein balansegang kor mykje rutetilbodet bør takast ned, det er viktig at det er eit tenleg tilbod for dei som har reisebehov litt utanom hovudstraumane.</p> <p>Det går rute frå Florø kl. 06.40 til Førde på sommaren. Fylkesdirektøren finn ikkje at det er trafikkgrunnlag for ei sommarrute kl. 07.00.</p>	Innspelet er delvis imøtekome.

				<p>I fjorårets rutekjøpssak vart det sett av midlar til å styrke rutetilbodet mellom Førde og Florø. Desse midlane har resultert i ein ny avgang frå Florø 06.25 til Førde, samt fleire bybussruter på sommaren.</p> <p>I årets kjøpssak er det omtalt i pkt. 6.3 at det vert tilrådd å etablere to nye sommarruter. Dette er ruta frå Florø kl. 08.35, med samband frå båten og ruta frå Førde kl. 15.10 til Florø.</p>	
11	Flora kommune #31#	Buss Villevik - Svelgen	Sommarruta frå Botnane til Svelgen bør forlengast til Villevik	<p>Sommarruta frå Botnane til Svelgen vart vedteken starta opp att i fjorårets kjøpssak etter innspel frå grendalag og kommune.</p> <p>Fylkesdirektør for samferdsle har sommaren 2018 etterkome innspel og forlenga ruta frå Villevik. Innspelet er soleis alt imøtekome.</p>	Innspelet er imøtekome.
12	Førde kommune #18#	Bybuss Førde	Ynskjeleg med ein søndagsavgang retning Grovene/Angedalen kl. 1800 i korrespondanse med rute frå Sogn.	<p>Det går ikkje bybuss i Førde og Florø på søndagar.</p> <p>Bybussane i Førde og Florø er høgfrekvente ruter med mange reisande kvart år. Det er eit reisebehov på desse rutene også på søndagar, spesielt knytt til korrespondansar med regionale ruter.</p> <p>I samband med rutekjøpssaka i fjor vart det sett av midlar til styrking av bybussane. Nokre av desse midlane har gått til å styrke sommartilbodet.</p> <p>I årets kjøpssak gjer fylkesdirektøren framlegg om å etablere nokre laurdags og søndagsavgangar på bybussen, sjå punkt 6.3 i kjøpssaka.</p>	Innspelet vert delvis imøtekome.
13	Førde kommune #18# Gulen kommune #20#	Ekspressbuss tidlegrute til Bergen	Det er ynskjeleg med ei tidleg rute til Bergen etter at den kommersielle ruta Førde 06.15 – Bergen 09.45 vart lagt ned sommaren 2018.	<p>Tidleg samband mellom Førde og Bergen er viktig for mange reisande. Det gjer det mogleg å rekke ulike gjeremål i Bergen på dagtid.</p> <p>På strekningar med kommersielle aktørar er det ikkje fylkeskommunen som bestemmer rutetilbodet.</p> <p>Ruter på svake reisetidspunkt vert fort skadelidande, medan ruter på gode reisetidspunkt gjerne får overetableringar.</p> <p>For å bygge opp eit heilskapleg og godt rutesystem, som igjen avlar gode passasjerstraumar, er det viktig at alle partar tek både ansvar og omsyn.</p> <p>Fylkeskommunen er oppteken av eit heilskapleg rutetilbod med gode kommunikasjonar både internt i fylket og til dei store byane rundt oss. Fylkesdirektøren er samd i at det</p>	Fylkesdirektøren vil arbeide for saka.

				<p>manglar eit tilbod til Bergen på morgonen, og vil arbeide for at dette kjem på plass.</p> <p>Sidan fylkeskommunen ikkje er kjøpar av rutetenester på denne strekninga kan ikkje fylkesdirektøren love utteljing.</p>	
14	Fellesnemnda for Eid og Selje #17#	Buss Eid - Selje	<p>I samband med etablering av nye Stad kommune er det behov for eit betre kollektivtilbod mellom Selje og Nordfjordeid.</p> <p>Skuleruter, Pendlarruter og kveldsruter.</p>	<p>Kommunesamanslåingar kan påverke reisebehovet.</p> <p>Kva ruteendringar som vil vere tenleg for dei reisande og kva som kan vere mogleg å realisere innanfor gjeldande økonomiske rammer, er noko som vil vere aktuelt å sjå nærare på. Kven som skal finansiere eventuelle tiltak som vil medføre auka kostnader, vil truleg også bli tema.</p> <p>Fylkesdirektøren er open for drøftingar om kartlegging av endra behov som følgje av kommunereforma.</p>	Det vert opna for dialog knytt til endra reisebehov som følgje av kommunereforma.
15	Fellesnemnda for Eid og Selje #17#	Buss og båt Regionale ruter	Det er ynskjeleg med betre kommunikasjon med regionale ruter.	Alle ruter har ulike funksjonar. Så langt mogleg vert det lagt vekt på å knyte saman rutenettet slik at det skal vere mogleg å kome seg vidare. Likevel må det gjerast prioriteringar. Denne rutekjøpsaka er med på å belyse ulike utfordringar og prioritere slik det er politisk fleirtal for.	Innspelet er delvis imøtekome.
16	Fellesnemnda for Eid og Selje #17#	Buss og båt Regionale ruter	Det er ynskje om å få reetablert gjennomgangsruta Måløy – Ålesund.	<p>Gjennomgangsruta til Ålesund over ytre vart reorganisert for nokre år tilbake då Møre og Romsdal fylkeskommune innførte nye ruteplaner på Hareidlandet. Møre og Romsdal ynskte då eigne ruter mellom Garnes og Ålesund.</p> <p>Det går i dag ruter frå ytre Nordfjord som har samband til Møre og vidare derifrå. Ruteforbindelsane mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har truleg potensiale for forbetringar.</p> <p>Fylkesdirektøren ynskjer å sjå nærare på rutene i ytre Nordfjord i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune.</p>	Fylkesdirektøren tek med seg innspelet i det vidare arbeidet.
17	Fellesnemnda for Eid og Selje #17#	Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)	Det er ynskje om eit samarbeid for å utvide LTU-ordninga i Selje til heile den nye storkommunen.	<p>Lokaltransport for ungdom (LTU) er ei ordning der fylkeskommunen i samarbeid med kommunen skreddarsyr skyss i samband med ulike fritidsaktivitetar.</p> <p>Sidan ordninga er skreddarsydd treff den oftast målgruppa godt, samstundes som organiseringa er rasjonell, økonomisk sett. Fylkeskommunen er open for å utvide ordninga der det er grunnlag for det.</p>	Innspelet vert imøtekome.

18	Fellesnemnda for Eid og Selje #17# Førde kommune #18#	Generelt kollektivtilbodet	Ynskjer dialog med fylkeskommunen for å legge opp eit samla rutetilbod tilpassa den nye kommunestrukturen.	Kommunesamanslåingar kan påverke reisebehovet. Kva ruteendringar som vil vere tenleg for dei reisande og kva som kan vere mogleg å realisere innanfor gjeldande økonomiske rammer er noko som vil vere aktuelt å sjå nærare på. Kven som skal finansiere eventuelle tiltak som vil medføre auka kostnader, vil truleg også bli tema. Fylkesdirektøren er open for drøftingar om kartlegging av endra behov som følgje av kommunereforma.	Det vert opna for dialog knytt til endra reisebehov som følgje av kommunereforma.
19	Fellesnemnda for Nye Kinn kommune #27#	Båt Ekspressbåt Nordfjord - Bergen	Bed om at fylkeskommunen sjekkar om materiellet på rutene stettar kravet i anbudet.	I samband med innsparingsprosjektet SFJ 2019 vart det sett inn ein mindre båt på ruta Sogn – Bergen – Sogn. I periodar og på enkeltdagar har det synt seg at denne båten har for lite kapasitet. Sidan ruta Bergen – Nordfjord – Bergen ikkje har dei same kapasitetsutfordringane har det av og til vore bytt båt mellom rutene slik at alle reisande kjem med. Dette har operatør gjort i samråd med fylkesdirektøren. Materiellet som vert brukt er soleis i tråd med gjeldande avtale.	Innspelet er imøtekome.
20	Gloppen kommune #12#	Buss Sandane Førde	Bed om at ruta Sandane kl. 18.20 – Førde vert starta opp att. Behovet er størst til Byrkjelo.	I samband med omlegging i ferjetidene på Anda - Lote frå nyttår 2018 vart det gjort fleire ruteendringar i området. Det vart etablert ny gjennomgåande rute frå Nordfjordeid kl. 16.10 til Førde. Ruta frå Sandane 1820 vart teken bort sidan den var få reisande med denne avgangen. Ungdomar frå Breim etterlyser no denne ruta, då den hadde ein, for dei, viktig lokalrutefunksjon. Det vil koste om lag 120 000 kr. å etablere ei rute mellom Sandane og Byrkjelo på kvardagar unnateke sommarperioden. Fylkesdirektøren rår til å etablere slik rute. Fylkesdirektøren ynskjer ein dialog med kommunen om rutetida skal justerast utifrå behov.	Innspelet vert delvis imøtekome.
21	Gulen kommune #20#	Buss Skjerjehamn-Vassvik-Lid	Det er ikkje samsvar mellom rutehefte og korleis rutene går. Det er ynskjeleg at rutene går som dei går og at ruteheftet vert justert.	Rutene i området inneheld mange avstikkarar som går når det er bestilling på dei. Rutetidene vert sett opp utifrå erfaring der ikkje alle avstikkarane vert utført kvar gong. Reint teknisk vil det førekomme avvik på kunngjort rutetid alt etter kva avstikkarar som vert utført den aktuelle dagen.	Innspelet vert imøtekome.

				Fylkesdirektøren vil ta ein ekstra sjekk på korleis rutene vert utført og vurdere kunngjeringane etter det.	
22	Gulen kommune #20#	Buss Omlegging av rute etter opning av ny veg frå Skipavik	Det er ynskjeleg at rutene vert lagt over den nye vegen, når den opnar i 2018.	Fylkesdirektøren meiner det er naturleg å vurdere ei justering av rutestrukturen når nye vegar opnar. Fylkesdirektøren rår til å setje av 10 000 kroner til eit revidert rutetilbod i området, og vil gå i dialog med Gulen kommune for å fastsetje det endelege tilbodet.	Innspelet vert imøtekome.
23	Hyllestad kommune #21#	Ruteilbodet generelt	Viktig å ikkje redusere meir i dagens rutetilbod	Dei seinare år har det vore gjennomført til dels store rutekutt. Det ligg ikkje føre krav om rutekutt i årets ruteplanperiode. Samtidig vil fylkesdirektøren legge til at rutetilbodet er dynamisk. Reisebehov endrar seg og bindingar for rutene endrar seg, t.d. skuletider og ferjetider. Det er difor stadig behov for justeringar og omleggingar.	Innspelet vert imøtekome.
24	Hyllestad kommune #21#	Båt/Buss/Ferje Rysjedalsvika	Oppretthalde og styrke Rysjedalsvika som knutepunkt.	Rysjedalsvika har i ein mannsalder vore eit knutepunkt mellom ferje, båt og bussruter. Etter kvart som vegsambanda har betra seg i fylket (E39 og Rv5) er noko av størrelsen på knutepunktet blitt redusert. Det ligg ikkje føre planar om større omleggingar knytt til Rysjedalsvika i dag. Det må likevel opplysast at i samband med utlysing av nye båtanbod frå 2022, vil det meste knytt til rutene verte vurdert, inkludert stoppestadar.	Innspelet vert delvis imøtekome.
25	Hyllestad kommune #21#	Serviceskyss	Serviceskyss må oppretthaldast som i dag.	I budsjettssamanheng er det lagt opp til å vidareføre/styrke Serviceskyssen. Det vil likevel vere slik at ruter som ikkje fungerer vil gå ut og nye/justerte opplegg vil bli starta opp same stad eller ein annan stad.	Innspelet vert delvis imøtekome.

26	Hyllestad kommune #21#	Buss Kveldsruter frå Dale vgs - Hyllestad	<p>Det er ynskjeleg med kveldsruter frå Dale vidaregåande til Hyllestad.</p> <p>Spesielt etterspurt er ei rute frå Dale kl. 17.30 til Sørbøvåg via Hellevik på torsdagar i tilknytning til open skule.</p>	<p>Kveldsruter for elevar som deltek på aktivitetar på skulestad på ettermiddag/kveld er etterspurt av mange.</p> <p>For å etablere ruter må det vere eit passasjergrunnlag. Erfaring tilseier at reisebehova ofte er spreidd både utover kveld og på ulike dagar.</p> <p>Ei rute frå Dale ein dag for veka i skuleperioden vil koste om lag 60 000 kroner.</p> <p>Ei målretta rute knytt til open dag ein vekedag kan ha potensiale for eit tilstrekkeleg passasjergrunnlag.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til ei prøveordning i eit år med ei slik rute. Fylkesdirektøren ynskjer å gå i dialog med kommunen for om mogleg å kombinere denne ruta med buss frå Førde som er i Dale kl. 1915.</p>	Innspelet vert delvis imøtekome.
27	Hyllestad kommune #21#	Buss Kveldsrute frå Førde til Hyllestad	<p>Det er ynskjeleg med ei kveldsrute frå Førde kl. 19.30 – Hyllestad, alternativt frå Lavik kl. 19.30 med korrespondanse frå Førde, ein kveld for veka.</p>	<p>Kveldsruter er med å komplettere rutetilbodet. Det gjev dei reisande som har ærend på ettermiddag / kveld høve til å kome seg fram dit dei skal.</p> <p>For å køyre ruter må det vere eit visst passasjergrunnlag. Denne typen reisebehov er ofte spreidd utover kvelden og på ulike reisedagar.</p> <p>Ei rute ein kveld for veka i skuleperioden frå Førde over Dale til Hyllestad vil koste om lag 100 000 kroner. Tilsvarande vil ei forlengingsrute frå Lavik vil koste om lag 30 000. kr.</p> <p>Frå Førde til Dale går det kveldsruter kl. 18.15 og kl. 20.35. Det vil koste om lag 50 000 kroner å forlenge ei av desse vidare frå Dale til Hyllestad ein kveld for veka i skuleperioden.</p> <p>Fylkesdirektøren vil vurdere om det er mogleg å få til ein kombinasjon, der ei prøverute i samband med open skule på Dale vidaregåande torsdagar frå Dale til Hyllestad, vert sett opp i korrespondanse med buss frå Førde.</p>	Innspelet vert forsøkt kopla mot eit anna innspel.
28	Silda Velforening #2,3,4#	Båt Silda – Måløy	<p>Søndagsrute på bevegelege helgedagar. Morgonruta kan gjerast om til bestillingsrute for å finansiere deler av dette.</p>	<p>Det har vore ei minneleg ordning lokalt, der båten har gått på enkelte bevegelege helgedagar, mot å kutte turar på morgonruta dagar det ikkje har vore folk. Fleire reisande på morgonruta gjorde at morgonruta måtte gå oftare.</p> <p>Rutetilbodet til Silda stettar kravet til minstetilbod vor veglause grender. Dersom det er behov for fleire ruter har kommunen høve til å gå inn og kjøpe dette.</p>	Det vert opna for å gå enkelte turar på bevegelege helgedagar innanfor gjeldande økonomiske ramme.

				Dersom det er turar på morgonruta som ikkje treng utførast, er fylkesdirektøren open for å finne løysingar der turar kan bytast innanfor gjeldande økonomiske ramme.	
29	Turistinformasjon , Vågsøy kommune #23#	Buss til og frå Refvik	Rutesette retur til Måløy. Gjere Refvik tilgjengeleg for dei som ikkje har bil, inkludert turistar.	<p>Det går om sommaren buss frå Måløy terminal kl. 10.00, som er framme på Refvik kl. 10.15. Returen frå Refvik om ettermiddagen klokka 13.30 har endestopp Kvalheim Ytre, og går ikkje tilbake til Måløy.</p> <p>Rutesetting av Kvalheim Ytre til Måløy DX67 om sommaren vil koste 12.000 kr.</p> <p>Ein rundtur Måløy-Refvik-Måløy Dx67 om sommaren vil koste 21.000 kroner.</p> <p>Kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane skal vere tenleg både for dei som bur her og dei som besøker oss. Fylkeskommunane Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland jobbar no med prosjektet «Travel like the locals», som skal leggje til rette for rundturar med kollektivtransport for tilreisande turistar. Det vil vere naturleg at moglegheita for å reise kollektivt til Refvik blir vurdert i dette arbeidet.</p>	Innspelet blir vurdert i samband med anna prosjekt.
30	Vågsøy kommune #11»	Buss og båtruter	<p>Buss og båtruter må korrespondere i Vågsøy.</p> <p>Gjennomgåande korrespondansar mot Oslo og Trondheim.</p>	<p>I Sogn og Fjordane vert det lagt ned mykje arbeid for å få eit heilskapleg og samanhengande rutenett.</p> <p>Likevel er det slik at ikkje alt kan henge saman med alt. Vi må prioritere kva samband som skal henge saman og kva korrespondansar som må brytast.</p> <p>Tal reisande og eventuelt viktige samfunnsfunksjonar vert greia ut og vurdert når det skal gjerast prioriteringar. Det er difor bra med tilbakemeldingar på kva som er viktige forbindelsar.</p>	Fylkeskommunen vil arbeide for eit heilskapleg rutenett.

Vedlegg 1		Innspel det ikkje vert tilrådd å imøtekomme:			
Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
31	Aurland kommune #26#	Buss Aurland - Lærdal	<p>Behov for buss frå Lærdal til Aurland på ettermiddag.</p> <p>Behov for fleire ruter som korresponderer i Lærdal med samband til/frå Sogndal.</p>	<p>Det går i dag 6 avgangar frå Lærdal til Aurland. Med E16 gjennom kommunen er det etter måten gode samband ut av kommunen. Likevel er det slik at desse sambanda er gjennomgåande og soleis tilpassa andre reisebehov og tider enn lokalreiser til/frå Aurland.</p> <p>Ein ny avgang Lærdal – Flåm t/r vil koste over ein halv million kr.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer ikkje passasjergrunnlaget til å vere tilstrekkeleg for å etablere nye ruter på denne strekninga.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekomme.
32	Aurland kommune #26#	Buss Aurland - Bergen	Morgonruta kl. 07.00 til Bergen må kome på plass igjen.	<p>Aurland har med si plassering på E16 etter måten gode kommunikasjonar til Bergen.</p> <p>Rutene er i dag kommersielle, noko som betyr at fylkeskommunal råderett er avgrensa.</p> <p>Ulempa med kommersielle tilbod er at dei ofte samlar seg om dei mest lønsame tidene. Svake skuldertider vert ofte kutta bort.</p> <p>Fylkesdirektøren ser behovet for ein tidleg avgang til Bergen, dette gjeld heile Indre Sogn. Sidan reisetrekka i dag er kommersiell rår fylkesdirektøren frå å engasjere seg.</p> <p>Frå 2020 vil denne reisetrekka verte eit internsamband i Vestland fylke. Det vil då kunne vere meir naturleg å vurdere korleis fylkeskommunen skal engasjere seg i strekninga.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekomme
33	Aurland kommune #26#	Buss Aurlandsvangen - Flåm	Det er behov for eit betre rutetilbod Aurlandsvangen - Flåm	<p>Det går i dag 7 ruter kvar veg mellom Aurland og Flåm. I turistsesongen har vi i tillegg rutene som går til Aurlandsdalen med 3 avgangar kvar veg. I tillegg går det fleire båtruter på strekninga.</p> <p>Ein ekstra avgang dx67 tur/retur mellom Aurland og Flåm i sommarsesongen vil koste om lag 40 000 kr.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner at rutetilbodet mellom Aurland og Flåm er tilfredstillande. Turiststraumane i området er svært stor. Dersom det er behov for turistruter mellom Aurland og Flåm meiner fylkesdirektøren at dette bør skje i kommersiell regi tilpassa denne marknaden.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekomme.

34	Samarbeidsutvalet Hauge skule, Bremanger #15#	Buss frå hurtigbåten på Smørhamn	Ein buss i kvar retning frå Ekspressbåten på Smørhamn kl. 12.00.	<p>For dei mest trafikkerte avgangane er det sett opp buss i kvar retning frå Smørhamn. På mindre trafikkerte avgangar vart det som eit innsparingstiltak kutta eine bussen. Den bussen som går må då først køyre om Kalvåg, før den går vidare til Hauge. Dette gjev ein omveg for reisande i retning Hauge.</p> <p>I samband med innsparringsprosessen vart det gjennomført mange innsparingstiltak. Dei fleste fekk i større eller mindre grad følger for dei reisande.</p> <p>Utifrå tal reisande vil ikkje fylkesdirektøren rå til å annullere innsparingstiltaket.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome
35	Samarbeidsutvalet Hauge skule, Bremanger #15#	Hurtigbåt	Ynskjeleg med hurtigbåt som korresponderer med fly	<p>Sidan flyruter skiftar rutetider relativt ofte og på kort varsel, vil ruter som skal korrespondere ikkje kunne ha andre bindingar.</p> <p>Det vil være svært dyrt å etablere egne båtruter i korrespondanse med fly.</p> <p>Fylkesdirektøren rår ikkje til å etablere egne båtruter som korresponderer med fly.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
36	Samarbeidsutvalet Hauge skule, Bremanger #15#	Buss Oldeide - Hauge	Rute 14-667 frå Oldeide til Hauge bør gå kvar vekedag. Ruta bør forlengast til Grotle.	<p>Rute 14-667 fem dagar i veka Frå Hauge til Oldeide. To dagar i veka går ruta direkte tilbake frå Oldeide til Hauge. Tre dagar i veka går ruta vidare Svelgen. Det er då ikkje rute tilbake frå Oldeide til Hauge før bussen kjem att frå Svelgen.</p> <p>Det er få reisande frå Oldeide til Hauge. Dersom det skal etablerast ny rute frå Oldeide til Hauge vil det koste om lag 55 000 kr.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at ruta går som i dag.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
37	Samarbeidsutvalet Hauge skule, Bremanger #15#	Fly	Flyruter må korrespondere med ekspressbåten.	<p>Flyruter ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde.</p> <p>Innspelet må sendast til samferdsledepartementet, gjerne i samband med aktuelle høyringar knytt til utlysing av anbudsavtalar.</p>	Innspelet vert ikkje behandla i denne saka.

38	Samarbeidsutvalet Hauge skule, Bremanger #15#	Buss Hauge - Bortnen	Hauge – Bortnen må rutesettast på retur til Hauge att. Vidare må ruta forlengast til Grotle.	Det vil koste om lag 50 000 kroner å rutesette returen på denne ruta. Det vil koste om lag 5 000 kr å forlengje ruta til Grotle. Fylkesdirektøren vurderer det til at det ikkje er passasjergrunnlag for desse rutene.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
39	Samarbeidsutvalet Hauge skule, Bremanger #15#	Buss Eid/sandane – Grotle/Kalvåg	Vekependlarrute for elevar på Eid/Sandane som kjem frå ytre Bremanger.	Det går i dag buss frå Sandane dx67 kl.15:00 over Eid kl.15.40 til Måløy 17.20 vidare med Ferje til Oldeide kl.18:10 Frå Eid går det buss kl.14:30 dx67 – Måløy kl.15:40. Derifrå går det båt kl. 15.50 til Smørhamn. Det går søndagsrute frå Bremanger til Isane med forbindelse til Eid og Sandane. Fylkesdirektøren meiner at rutetilbodet til ytre Bremanger er tilfredstillande.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
40	Mette Liland #7#	Buss Nordfjordeid - Måløy	Fleire avgangar mellom Nordfjordeid og Måløy midt på dag og sein kveld.	Dei fleste ruter er knytt til arbeidsruter og skuleruter. I tillegg er det nokre ruter som er knytt til samband vidare. Utanom desse tidspunkta er det mindre reisebehov. Likevel er det slik at eit rutetilbod litt utanfor hovudstrømmen er med å gi eit meir heilskapleg reisetilbod, slik at det kan vere til nytte for fleire. Vidare vil det vere til gode for dagens reisande som av og til har behov for andre reisetider. Ein rundtur dx67 mellom Måløy og Nordfjordeid vil koste om lag 800 000 kr minus billettinntekter. Fylkesdirektøren meiner det ikkje er tilstrekkeleg passasjergrunnlag midt på dag og sein kveld til å etablere fleire ruter.	Det vert ikkje gjort endringar.
41	Fjaler kommune #28#	Ferje Askvoll - Fure	Ynskjer at ferja kjem innom Fure på bestilling når ferja går frå Værlandet – Askvoll. Dette for å gi samband med ekspressbåten i Askvoll.	Dagens ferjeruter er etablert og justert over fleire år i dialog med brukarar og kommunen. Dersom ferja skal gå innom Fure på veg til eller frå Værlandet vil dette føre til lenger reisetid for dei reisande til/frå Værlandet. Sjølv om det berre er ei bestillingsrute må det setjast av tid i rutetabellen til å utføre bestillingsturen når behovet melder seg. Reisande frå Fure kan reise til Askvoll ein time før ekspressbåten kjem, eller reise til Rysjedalsvika. Fylkesdirektøren meiner det ikkje er passasjergrunnlag til å legge fleire ferjeturar innom Fure.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

42	Fjaler kommune #28#	Båt Tingingstopp for Ekspressbåten i Ytre Fjaler/Lutelandet	Bed om å få etablert tingingstopp i Ytre Fjaler for ekspressbåtane.	<p>Ekspressbåtrutene er stramt oppsette ruter med mange reisande.</p> <p>Reisande frå Fjaler har høve til å nytte både Rysjedalsvika og Askvoll, men dei vil spare tid om båten kan gå innom ytre Fjaler.</p> <p>Tingingstopp innom stadar med marginalt passasjergrunnlag inneber auka reisetid for tusenvis av reisande til fordel for nokre få. I tillegg kostar det etter måten mykje dersom båtane skal ha fleire anløp.</p> <p>Fylkesdirektøren rår ikkje til anløp av Ytre Fjaler/Lutelandet.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
43	Fjaler kommune #28#	Flybuss	Bed om eit kollektivtilbod til flyplassen frå Hafs-området.	<p>Sidan flyrutene endrar seg ofte og på kort varsel må dei rutene som skal tene som tilførsel til/frå flyrutene vere eigne ruter utan bindingar til kollektivrutenettet elles.</p> <p>Slike ruter, utan samdrift med rutenettet elles, er ekstra dyre å drifte, og det tilfører ikkje rutenettet elles verdi av betydning.</p> <p>Det må vere eit godt passasjergrunnlag før det er grunnlag for eigne flybussar. Vi har i dag berre flybuss i Førde og Sogndal.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer det til at det ikkje er tilstrekkeleg passasjergrunnlag til å etablere flybuss frå Hafs området til Bringeland.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
44	Flora kommune #31# Batalden Grendalag og Berekstad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Buss Bybuss Flora	<p>Bybussen må korrespondere betre med båtane.</p> <p>Bybussen frå Florø kl. 08.30 bør utsetjast til 08. 35 slik at reisande med båten kan nytte bybussen til flyet som går kl. 09.25.</p>	<p>Bybussen går etter stive rutetider heile dagen. På avgangen frå Florø 08.30 er det med skuleelevar.</p> <p>Når den nye felles trafikkterminalen på Fugleskjærskaia er ferdig vil truleg desse rutene henge betre saman.</p> <p>Fylkesdirektøren rår ikkje til å endre rutetidene for bybussen.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.

45	Flora kommune #31# Batalden Grendalag og Barekstad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Båt Florabassenget	Føremiddagsruta må køyrast dagleg	Minstetilbodet til veglause grender er vedteke i sak 11/10. Det er opna for at kommunane kan kjøpe ekstraruter for innbyggjarane sine. Fylkesdirektøren vil ikkje tilrå å auke rutetilbodet utover det vedtekne minstetilbodet.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
46	Flora kommune #31# Batalden Grendalag og Barekstad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Båt Florabassenget	Minst søndagsrutefrekvens på bevegelege helgedagar.	Minstetilbodet til veglause grender er vedteke i sak 11/10. Det er opna for at kommunane kan kjøpe ekstraruter for innbyggjarane sine. Fylkesdirektøren vil ikkje tilrå å auke rutetilbodet utover det vedtekne minstetilbodet.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
47	Flora kommune #31# Batalden Grendalag og Barekstad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Båt Florabassenget	Digitalisert system for tinging av bilplass om bord i båtane. Ynskjer ei stadfesting av plass om bord. Vidare er det ynskjeleg at bilar som ikkje får plass vert registrert i statistikken.	Når båtane går ut frå Fugleskjærskaiia har dei med seg eit tal bila og last. Etter kvart som dei gjennomfører runden sin køyrer bilar av, medan andre kjem om bord. Ved kapasitetsproblem må mannskap vurdere kva last dei kan klare å få med og om dei kan lirke det til ved å legge litt om på rekkefølga på stoppa. Det har synt seg å vere betre med eit manuelt loggboksystem, enn med digitaliserte system. Med avgrensa kapasitet kan det til tider vere vanskeleg å stadfeste plass om bord. Bilar som ikkje får plass vert registrert. Fylkesdirektøren rår ikkje til endring av dagens system.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
48	Flora kommune #31#	Båt Florabassenget	Båtrute i korrespondanse med morgonflyet.	Minstetilbodet til veglause grender er vedteke i sak 11/10. Det er opna for at kommunane kan kjøpe ekstraruter for innbyggjarane sine. Fylkesdirektøren vil ikkje tilrå å auke rutetilbodet utover det vedtekne minstetilbodet.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

49	Flora kommune #31# Batalden Grendalag og Barestad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Båt Florabassenget	Båt frå Florø til øyane på laurdagar i korrespondanse med Bergensbåten.	Minstetilbodet til veglause grender er vedteke i sak 11/10. Det er opna for at kommunane kan kjøpe ekstraruter for innbyggjarane sine. Fylkesdirektøren vil ikkje tilrå å auke rutetilbodet utover det vedtekte minstetilbodet.	Innspelet vert ikkje imøtekome
50	Flora kommune #31#	Båt Florabassenget	Minst ein av dei bilførande båtane må vere kapable til å frakte lastebilar på over 10 meter og 35 tonn.	Det er frå tid til anna behov for bilførande kapasitet utover det som er tilgjengeleg i Florabassenget i dag. I samband med ny anbodskonkurranse og nye avtalar frå 2022, er størrelse på farty blant spørsmåla som må vurderast. Fylkesdirektøren tek med seg spørsmålet i den vidare prosessen med nye rutekjøpsavtalar frå 2022 som startar denne hausten.	Spørsmålet vert vurdert i arbeidet med nye rutekjøpsavtalar for båt frå 2022.
51	Flora kommune #31#	Båt/ferje Florabassenget	Det må etablerast ei løysing for å få transportert tungt anleggsutstyr til øyane for ein pris tilsvarande for ferjer.	Dagens båtar har avgrensingar både med omsyn til vekt og til størrelse. Det kan av og til vere behov for ferje for å kunne løyse dei tyngste oppdraga. Det ligg utanfor fylkeskommunen si primær oppgåve å organisere/betale for frakt av anleggsutstyr til veglause grender.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
52	Flora kommune #31#	Båt Florabassenget	Ferjetakst for alle registrerte køyrety, t.d. traktor. Opning for bruk av skjøn ved frakting av bilhengar kva angår takstregulativ.	Det er innført ferjetakst for bilar i Florabassenget. Taksten for passasjerar og gods må betale etter hurtigbåttakst. Spørsmålet er samansett med omsyn til likebehandling opp mot andre ruteområde, utfordring med kapasitet om bord og økonomi. Takstregulativet i Florabassenget vart revidert for nokre år tilbake. Fylkesdirektøren rår ikkje til å vurdere takstregulativet på nytt no.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

53	Flora kommune #31# Askrova grendelag #31#	Båt Florabassenget	Ynskjeleg med kveldsrute på laurdag til Askrova.	Minstetilbodet til veglause grender er vedteke i sak 11/10. Det er opna for at kommunane kan kjøpe ekstraruter for innbyggjarane sine. Fylkesdirektøren vil ikkje tilrå å auke rutetilbodet utover det vedtekne minstetilbodet.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
54	Flora kommune #31# Askrova grendelag #31#	Båt Florabassenget	Ynskje om betre tilpassa ettermiddagsruter (tilpassa dagens jobbmarknad).	Innspelet er generelt og ikkje konkretisert med kor vidt det er fleire avgangar eller endra rutetider som er etterspurt. Generelt kan vi seie at dagens rutetilbod er eit resultat av mange års justeringar innanfor rammene for eit fylkeskommunalt minstetilbod, ref. sak 11/10. Fylkesdirektøren rår frå å gjere endringar i ettermiddagsrutene.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
55	Flora kommune #31# Stavang Bygdelag #31#	Båt Florabassenget	Bestillingsrute på kveld/helg til/frå Stavang.	For nokre år sidan vart det bestemt at båtrutene skal gå om Veiesund i staden for Stavang. Dette for at båtruta i sør skal få kortare reisestrekke og raskare framføringstid. Sjølv om ei bestillingsrute berre er innom av og til, må det takast høgde for i ruteplanen, noko som gjev lenger reisetid for andre reisande. Fylkesdirektøren rår frå å etablere bestillingsrute på kveld og helg til Stavang.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
56	Flora kommune #31# Furesund Grendalag #31#	Båt Florabassenget	Rutetilbod i helgane som går seinare enn kl. 07.10.	Minstetilbodet til veglause grender er vedteke i sak 11/10. Det er opna for at kommunane kan kjøpe ekstraruter for innbyggjarane sine. Fylkesdirektøren vil ikkje rå til å auke rutetilbodet utover det vedtekne minstetilbodet.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
57	Flora kommune #31#	Båt Florabassenget	Mindre omveg for å kome fram til Furesund på kveldstid.	Rutene i Florabassenget er organisert slik at dei går ein runde og plukkar med seg ulike stoppestadar undervegs. Kva veg ruta går og i kva rekkefølge båten anløper dei ulike stoppestadane kan endrast. Endringar i rekkefølge vil kunne vere til gode for nokon, men kan vere til ulempe for andre.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				Dagens rutesystem er sett opp og justert i tett dialog med kommunen og brukarane. Fylkesdirektøren rår til at rutene går slik dei no gjer.	
58	Flora kommune #31#	Båt Florabassenget	Innspel frå Flora i 2017	Flora kommune hadde fleire innspel i 2017 som var oppe til behandling i fjorårets kjøpssak. Fylkesdirektøren ser ikkje at det er nye moment i sakene og legg dei difor ikkje fram for ny behandling.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
59	Furesund grendelag, Flora #14#	Båt Florabassenget	Helgeruter midt på dag og kveld. Meir direkte rute på kveldsruta.	Rutene i Florabassenget er over tid tilpassa og justert i forhold til innspel frå kommune og lokalbefolkning, innanfor gitte økonomiske rammer. Alle justeringar medfører endring i kostnad og/eller får konsekvensar for andre reisande. Fylkesdirektøren har forståing for innspelet, men kan ikkje tilrå å imøtekome det utifrå omsynet til økonomi og til andre reisande.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
60	Batalden Grendalag og Berekstad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Båt Florabassenget	Fordele bilførande båt likt mellom nordre og vestre distrikt.	Det går i dag ein ikkje-bilførande båt i nordre distrikt på avgangar der kombibåt går i rute på Kystvegekspressen. I samband med arbeid med utlysing av nye båtavtalar frå 2020 er dette eit spørsmål som vil verte vurdert. Fylkesdirektøren rår frå å endre på større strukturar i Florabassenget no.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
61	Batalden Grendalag og Berekstad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Båt Florabassenget	Sette opp ekstra bilførande ruter i nordre / vestre distrikt.	Båttilbodet i Florabassenget stettar krava til minstetilbod jamfør hovudutvalssak sak 11/10. Fylkesdirektøren rår frå å etablere fleire avgangar i Florabassenget.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
62	Batalden Grendalag og Berekstad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Båt Florabassenget	Bilar frå Berekstad og Fanøy må få prioritet framfor Villevika.	Villevika har alternativ bilveg på fastlandet. Det er difor mindre kritisk for dei om det ikkje er bilplass på båten. Omvegen rundt er lang for reisande mellom Villevika og Florø. Det å handheve denne typen prioriteringar kan vere krevjande og konfliktylt for mannskapet om bord.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				Fylkesdirektøren rår ikkje til å lage noko prioritet mellom dei reisande.	
63	Batalden Grendalag og Barekstad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Båt Florabassenget	Sylvarnes må få disponere eigen ferjelem.	Det er i dag tre kombibåtar og to ferjelemmar ved Fugleskjærskai. Operatør disponerer ferjelemmane slik dei til ei kvar tid finn mest hensiktsmessig.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
64	Batalden Grendalag og Barekstad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Båt Florabassenget	Gjere dobbel søndagsrute i vestre/nordre distrikt fast om sommaren frå 1. mai.	På søndagar med mykje biltrafikk vert det av og til sett opp ein ekstra avgang. Dette for at alle skal komme med. Rutetilbodet i Florabassenget stettar krava til eit minstetilbod jamfør hovudutvalssak 11/10. Fylkesdirektøren rår frå å etablere fleire faste avgangar.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
65	Batalden Grendalag og Barekstad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Båt Florabassenget	Justere ruta frå Fanøy frå kl. 07.20 til 07.25.	Rutetidene er sett opp utifrå erfaring. Det vil kunne variere litt når tid ein båt anløper eit stopp. Fylkesdirektøren rår til å behalde ruta slik det er i dag.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
66	Batalden Grendalag og Barekstad/ Hovdevåg Grendalag #29#	Båt Florabassenget	Endre retning på «turistruta» slik at det vert enklare å kome seg fram mellom øyane.	Det er mange ulike reisegrupper som er med rutene. Det som er til gode for ei reisegruppe, kan gå på kostnad av ei anna. Dagens ruteoppsett er fastsett i dialog med brukarar og kommune over mange år. Fylkesdirektøren rår til at rutene går som dei går.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
67	Førde kommune #18#	Buss Førde - Ulltang	Ynskjeleg med nokre kveldsruter mellom Førde og Ulltang slik at dei unge kan kome seg til og frå fritidsaktivitetar i Førde.	Dei som bur på Ulltang har eit avgrensa rutetilbod med gjennomgangsruter frå Askvoll, samt skuleruter. Det går rute frå Førde til Ulltang tysdag og fredag kl. 20.35. På fredag går det skulerute frå Førde kl. 18.20. Ei kveldsrute på skuledagane mellom Førde og Ulltang vil koste om lag 50 000 kr. Fylkesdirektøren vurderer det til ikkje å vere kundegrunnlag til å opprette nye ruter. Det kan likevel vere aktuelt å søkje fylkeskommunen om midlar frå ordninga med «Lokaletransport for ungdom» (LTU). Fylkesdirektøren oppmodar Førde kommune om å vurdere denne ordninga.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

68	Mo og Øyrane VGS #9#	Sein buss til Mo	Bussen frå Førde til Mo kjem for seint til skulestart.	<p>Det kjem vidaregåande elevar inn til Førde frå kommunane rundt til kl. 08.05. Dei vidaregåande skulane i Førde startar 08.20.</p> <p>Elevar som skal vidare til Mo nyttar buss som går frå Førde kl. 08.05. Denne bussen må vente til bussane inn til Førde er komne, slik at elevane kjem seg med.</p> <p>Mo og Øyrane vidaregåande, avdeling Mo har same skulestart som Førde. Det er gjort tiltak i forhold til å justere fram ruter som har problem med å nå Førde til kl. 08.05.</p> <p>Skal ruta til Mo kome tidlegare fram, må alle vgs. elevar som skal til Førde reise tidlegare og få ekstra ventetid der før skulane byrjar. Eit anna tiltak vil vere å justere skulestart på Mo med 5 minutt. I forhold til bussane har dei god tid på ettermiddag.</p>	Det vert ikkje gjort endringar.
69	Gaular kommune #25#	Buss Viksdalen - Førde	Gaular kommune vil ha attende bygderuta Mjell – Viken – Holsen – Førde på tysdagar.	<p>Lokalrute Mjell – Viken – Holsen – Førde vart lagt ned for ein del år sidan pga. lite reisande. Pris for å opprette denne på nytt blir kr 162.000 årleg.</p> <p>Det går rute frå Mjell kl.08.15 torsdag via Sande til Førde kl.10.00. Retur frå Førde torsdag kl.11.45. via Sande til Mjell kl.15.00.</p> <p>Alternativt på skuledagar frå Mjell kl.06.55 via Holsen til Førde kl.08.15.</p> <p>Retur på skuledagar frå Førde kl.15.20 via Holsen til Hoff kl.16.35.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner at passasjergrunnlaget er for lite til å starte opp att tysdagsruta.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
70	Gaular kommune #25#	Buss Kveldsrute Førde til Sande/Bygstad	Bed om kveldsrute frå Førde til Sande/Bygstad.	<p>Kveldsruter tilpassa fritidsaktivitetar er etterspurt av mange.</p> <p>Siste avgang frå Førde til Bygstad går kl. 20.35 alle dagar utanom laurdag. Siste avgang frå Førde til Sande går kl. 18.15 alle dagar. Søndag går det ei rute kl. 19.15 frå Førde til Sande.</p> <p>Dersom vi skal opprette ei ny sein kveldsrute frå Førde til Sande med overgang på Skilbrei til Bygstad to dagar i veka utanom sommarferie vil det koste om lag kr 75.000,-. Desse rutene vil dekke berre delar av Gaular.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner at rutetilbodet til Bygstad er godt med ein avgang frå Førde kl. 20.35 på kvardagar. Til Sande kunne tilbodet vore noko betre på kveld i veka. Det er</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				krevjande å etablere eit nytt samband då passasjergrunnlaget er marginalt og reisebehovet er fordelt utover kvelden.	
71	Gaular kommune #25#	Buss Bygstad - Førde	Kollektivtilbodet til og frå Bygstad er dårleg. Det er behov for fleire avgangar.	Kollektivtilbodet til Bygstad og mange andre stadar i fylket er marginalt. Fylkesdirektøren vurderer passasjergrunnlaget i Bygstad til å vere for lite til å kunne etablere eit styrka rutetilbod.	Innspelet vert ikkje imøtecome.
72	Gloppen kommune #12#	Buss Arbeidsrute Sandane - Nordfjordeid	Bed om at det vert oppretta ei rute mellom Sandane og Nordfjordeid tilpassa ein vanleg arbeidsdag.	Det er etablert arbeidsruter rundt dei største tettstadane. Desse rutene har ofte fleire funksjonar med korrespondansar vidare. For å vere eit reelt alternativ for arbeidsreisande er det viktig med god frekvens slik at det høver til ulike arbeidstider, samt at det er mogleg å kome seg fram om ein har avvikande reisebehov ein dag. Det krev mange reisande for å kunne etablere eit tenleg rutetilbod for arbeidsreisande. Ei minimumsløysing med ny avgang frå Sandane klokka 07.00 vil koste om lag 130.000 kr. årleg. Fylkesdirektøren meiner det ikkje er økonomisk handlingsrom til å etablere arbeidsruter mellom Sandane og Nordfjordeid.	Innspelet vert ikkje imøtecome.
73	Gloppen kommune #12#	Buss Skulerute Sandane og Stryn	Skulerute for elevar ved Firda vgs. som er busett i Stryn kommune.	Det går i dag ei skulerute til Firda vgs. som startar i Innvik. Ruta har ei framføringstid på om lag 45 minutt. Dersom vi forlengjer ruta heilt til Stryn vil det gi ei reisetid på om lag 1,5 time og ein årleg kostnad på om lag 800 000 kroner. For å kunne dagpendle til og frå skule, bør ikkje reisetida vere mykje over 1 time kvar veg. Fylkesdirektøren rår frå å etablere skulerute mellom Sandane og Stryn.	Innspelet vert ikkje imøtecome.

74	Gloppen kommune #22#	Buss Sandane - Eid	Eid Taxi som køyrer flytaxi til Sandane lufthamn kan rutesette retur til Eid med avgang Sandane kl. 06.25. Dette vil gi samband på Eid til Volda, Ålesund og Måløy	Alle offentlege kjøp er underlagt eit strengt regelverk. Rutekøyringa i området er konkurranseutsett og det er inngått bindande avtalar. Det er soleis ikkje høve til å inngå parallelle avtalar på rutekøyring i området. Elles vil fylkesdirektøren nemne at ordinær rutekøyring saman med flyruter fungerer dårleg, grunna at flyrutene kan endre tider på kort varsel.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
75	Gulen kommune #20#	Buss Dingja - Eivindvik	Rutetilbodet til Dingja består av ei kunngjort skulerute ein veg, utan retur. Det er ynskjeleg at skulerutene må kunngjerast, samt at det vert etablert ruter til viktige korrespondansar, t.d. ekspressbåten i Sollibotnen.	Skuleruta til og frå Dingja er kunngjort begge vegar. Ei ny rute mellom Dingja og Sollibotnen vil koste om lag 50 000 kroner Dx67. For å etablere nye ruter må det vere eit kundegrunnlag av eit visst omfang. Alternativt kan det etablerast ei bestillingsrute til ekspressbåten som går når passasjerar. Kostnaden er 350 kroner turen. Fylkesdirektøren vurderer det slik at det ikkje er grunnlag for å etablere fleire ruter til Dingja.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
76	Hyllestad kommune #21#	Buss Skulerute Hyllestad - Dale	Skuleruta Hyllestad – Dale har for lang framføringstid og er for dårleg tilpassa	Alle bussruter må stoppe for å ta med reisande. Rutene må og ta høgde for både ver og føre. Dette forlengjer reisetida. Ruta frå Hyllestad er lang og går på dårleg veg. Ruta er organisert slik at elevane skal ha så kort reisetid som mogleg.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
77	Hyllestad kommune #21#	Kollektivtilbodet generelt	Viktig å oppretthalde gode ordningar for ungdom. Ynskjeleg å etablere tilsvarande ordningar for flyktningar.	I Sogn og Fjordane har vi rabattar i tråd med landsdekkande ordningar for t.d. honnør og studentar. I tillegg har vi reiseprodukt som gjev rabatt til ulike storbrukarar, t.d. verdikort og månadskort. Det er ikkje innført eigne ordningar for flyktningar. Utifrå gjeldande økonomiske rammer rår fylkesdirektøren frå å etablere nye ordningar no.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
78	Hyllestad kommune #21#	Båt Ekspressbåtane på Rysjedalsvika	Det er viktig at alle ekspressbåtane går innom Rysjedalsvika. Spesielt avgangen til Nordfjord søndag kveld.	Rysjedalsvika vert nytta som eit korrespondansepunkt mellom Sognebåten på veg til Bergen og Nordfjordbåten på veg nordover på morgonen, og omvendt på ettermiddagen. På ettermiddag er ikkje nordgåande Nordfjordbåt innom Rysjedalsvika. Sjølv om Rysjedalsvika har eit lokalt nedslagsfelt, har ikkje det vege tungt nok til å forsvare ein omveg på om lag 15 minutt for nordgåande Nordfjordbåt på kveld.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				<p>For skuleelevar busett nær Rysjedalsvika, som skal på skule i Florø eller Nordfjord, er dette ei utfordring.</p> <p>I alt arbeid med å prioritere korleis rutene skal gå, må vi vege reisebehovet for den enkelte opp mot ulemper for dei mange.</p> <p>Det ligg per i dag ikkje føre planar om endring av rutene på Rysjedalsvika. Det må likevel opplysast at i samband med utlysing av nye båtanbod frå 2022, vil det meste knytt til rutene verte vurdert, inkludert stoppestadar.</p>	
79	Hyllestad kommune #21#	Ferje Rysjedalsvika – Rutledal - Krakhella	Ferjetilbodet Rysjedalsvika – Rutledal – Krakhella må vere på minst dagens nivå. Det er ynskjeleg med fleire avgangar.	<p>Dagens ferjetilbod er tilpassa lokale behov gjennom fleire omgangar etter årlege innspel.</p> <p>Ferje har vore litt skjerma i kuttrundar tidlegare år. Fylkesdirektøren meiner at tilbodet i dag er høveleg sett opp mot trafikk og kostnadsbilete.</p> <p>Fylkesdirektøren vil ikkje rå til noko ytterlegare auke i frekvens eller opningstid.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
80	Hyllestad kommune #21#	Buss Rysjedalsvika - Lavik	Ei bussrute kjem 10 minutt for seint til å rekke ekspressbuss frå Bergen.	<p>Fylkeskommunen arbeider for å få rutene til å henge saman. Korrespondansar mellom båt, ferje og buss gjev mange bindingar og nokon korrespondansar må prioriterast framom andre.</p> <p>Ruter frå Rysjedalsvika heng saman med båt og ferje. På Lavik er det tilsvarande bindingar mot ferje.</p> <p>Bussane frå Bergen er kommersielle. Når kommersielle aktørar er inne i bildet er det av og til andre prioriteringar som vert gjort enn det fylkeskommunen primært ynskjer. Fylkeskommunen har ikkje råderett over kommersielle ruter.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
81	Ungdomen sitt kommunestyre Luster #6#	Buss Hafslo – Indre Hafslo	Bussar som reiser gjennom Hafslo må køyre innom indre Hafslo.	<p>For mange avstikkarar på ei rute gjev ulemper for dei som reiser langt. Ei rute som ikkje går innom der folk bur gjev lengre veg å gå for dei reisande.</p> <p>Luster er ein kommune med store avstandar. Reisevegen er lang for dei som reiser t.d. frå Skjolden til Sogndal. Fylkesdirektøren rår difor til at ruta går som den går i dag.</p>	Det vert ikkje gjort endringar.

82	Nordfjorderrådet #19#	Buss skuleruter vgs	Det er ynskjeleg at skulerutene kan organiserast slik at dei vidaregåande skulane kan starte til same tid i Nordfjord.	Skulerutene er lagt opp slik at dei, når det høver seg slik, gjev samband til andre ruter. Vidare er skulerutene slik organisert at mange skulebussar køyrer både til grunnskule og vidaregåande, samt at dei har andre rutefunksjonar. Grunna slike bindingar er skuletidene over tid justerte til beste for alle. Dersom alle skulane fastset skuletidene utan å ta omsyn til organiseringa av skyssen vil det føre til auka kostnader for fylkeskommunen og eit langt dårlegare rutetilbod for befolkninga.	Innspelet vert ikkje imøtekomme.
83	Nordfjorderrådet #19#	Buss Skuleruter vgs	Reisetid på under ein time for elevar innan ein radius på 7 mil. Maksimal ventetid før og etter skulen på 10 minutt.	Ein buss som skal ta på og setje av passasjerar, klarar ikkje å køyre 7 mil på ein time på forsvarleg vis. Rutetidene vert sett opp utifrå erfaring, der vinterføre, av- og påstiging og litt slingringsmonn er bygt inn i ruta. Rutene er slik lagt opp at elevane skal ha minst mogleg ventetid før og etter skuletid. Bindingar mot andre ruter og ferjer gjer at dette ikkje alltid let seg gjere. Fylkesdirektøren er samd i at det er eit mål å tilpasse rutene så godt råd er. Det vil likevel ikkje vere råd å love maksimal ventetid på 10 minutt og maksimalt 1 time på 7 mil reise.	Innspelet vert ikkje imøtekomme.
84	Nordfjorderrådet #19#	Buss Regionale ruter mellom kommunesentra i Nordfjord	Det er ynskjeleg med hyppigare avgangar mellom kommunesentra i Nordfjord. Gjerne timesavgangar.	Hyppige avgangar er viktig for at rutene skal kunne vere eit alternativ for dagpendling. For å kunne etablere nye ruter må det vere eit visst kundegrunnlag. Kostnaden med å etablere ein rundtur dx67 Måløy – Stryn er på om lag 1,5 mill. kr. Fylkesdirektøren rår ikkje til å etablere fleire ruter på aksen Måløy – Stryn grunna manglande økonomiske rammer.	Innspelet vert ikkje imøtekomme.
85	Elevrådet Sogndal VGS #1#	Buss Sogndal til Vik/Luster	Buss frå Sogndal midt på dag og på kveld, slik at elevar har høve til å reise heim utanom dei ordinære skulerutene.	Auka frekvens gjer det lettare for dei reisande å finne ein buss som høver. Rutetilbodet frå Sogndal vgs. er tilpassa dei tidene då flest har eit reisebehov. Det vil være svært ressurskrevjande å etablere avgangar i fleire retningar på tider med få reisande. Det går buss til Gaupne 11.40 og kl. 14.05 På strekka Sogndal – Hella er det etablert ei bestillingsrute på dagtid etter at dette innspelet kom inn, innspelet er soleis delvis imøtekomme.	Det vert ikkje gjort endringar.

				<p>Tilbod om tidleg heimkøyring innanfor skulens opningstid har ikkje vore prioritert. Elevar som har studietimar/ikkje undervisning på slutten av skuledagen, har høve til å gjere eigenstudie på skulen.</p> <p>Fylkesdirektøren rår ikkje til å etablere fleire ruter midt på dag då passasjergrunnlaget er svakt.</p>	
86	Vågsøy kommune #11»	Lokalbuss til Måløy vgs og fritidstilbodet der.	Vågsøy kommune bed om eit betra rutetilbod for reisande som nyttar Måløy vgs. og fritidstilbodet i Vågsøy.	<p>Skulebussane og rutene elles er sett opp på tider då mange reiser. For elevar som ynskjer å nytte seg av fritidsaktivitetar på skulestaden på ettermiddag kveld er det ofte eit manglande rutetilbod i det meste av fylket.</p> <p>Ei rute ein veg frå Måløy til Selje eller Nordfjardeid på skuledagar, vil koste om lag 300 000 kroner per skuleår.</p> <p>Skuledagar går det buss frå Måløy Terminal kl. 15.55, som er framme i Selje kl. 16.55.</p> <p>DX67 går det buss frå Selje klokka 16.05, som er framme ved Måløy terminal kl. 17.00.</p> <p>DX6 går det ekspressbåt frå Måløy hurtigbåtterminal kl. 21.10, som er framme på Selje kai kl. 21.40.</p> <p>DX67 går det ekspressbåt frå Selje kai kl. 15.20, som er på Måløy hurtigbåtterminal kl. 15.50.</p> <p>Frå Måløy til Eid går det bussruter på kveld kl. 18.15 og kl. 21.10.</p> <p>Frå Nordfjardeid til Måløy går det buss kl. 18.00 og kl. 19.00.</p> <p>Fylkesdirektøren rår ikkje til å etablere fleire kveldsruter mellom Måløy og Selje/Nordfjardeid.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
87	Vågsøy kommune #11»	Båtruter	Ynskjeleg at båtutene til Florø er tilpassa flyavgangar	<p>Flyrutene endrar seg med jamne mellomrom, gjerne på kort varsel. Fylkeskommunen er ikkje med å bestemme rutetider for fly.</p> <p>Sidan båtutene skal tene andre reisegrupper, som arbeidsfolk og elevar, er det i praksis svært vanskeleg å tilpasse dei til flyrutene.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.

88	Vågsøy kommune #11»	Båtruter	Behov for å styrke båtrutetilbodet mellom Flora, Bremanger og Vågsøy.	<p>Kinn kommune og Stad skipstunnell vil endre reisebehovet på kysten.</p> <p>Fylkesdirektøren rår ikkje til å gjere endringar no, men ventar eigne prosessar knytt til dette på eit seinare tidspunkt.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
89	<p>Vågsøy kommune #11»</p> <p>Nordfjorderrådet #19#</p> <p>Fellesnemnda for Nye Kinn kommune #27#</p>	Ferje	Halvtimes avgangar Måløy – Husevågøy - Oldeide.	<p>Det vil for dei fleste vere bra med enkle rutetider som er lette å hugse.</p> <p>På den andre sida har vi bindingar i rutedrifta. Dersom det er skuleelevar med ruta, vil desse få ekstra ventetid sidan ferja ikkje er tilpassa skuletidene. Ruter som har korrespondansar på Eid eller som skal rekke ferje på Anda vil måtte velje mellom å vente på ferja i Måløy eller behalde sambandet på Eid.</p> <p>I tillegg vil vi måtte skaffe ei ferje med langt høgare fart enn det ordinære ferjer har, eventuelt setje inn to ferjer. Prisen for begge desse alternativa vil vere svært høg.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til å vidareføre dagens ordning med tilpassa rutetider.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
90	Årdal kommune #24#	Buss Turistrute Hjelle - Turtagrø	Bed om at fylkeskommunen tek over den private turistruta Hjelle i Utladalen til Turtagrø.	<p>Fylkeskommunen driv i hovudsak med ruter som gjev eit kollektivtilbod for innbyggjarar og besøkande i Sogn og Fjordane. Rutene er opne for tilreisande/turistar og kan i noko grad vere tilpassa reiselivet der dette høver seg.</p> <p>Fylkeskommunen driv svært få turistruter som ikkje er til nytte for andre reisande. Av reine turistruter med avgrensa nytteverdi for andre reisande kan nemnast Breruter i Lodalen, Fjærland og Luster.</p> <p>Ei rute mellom Utladalen og Turtagrø vil vere positivt for reiselivsnæringa og dei som skal gå fotturar i området. Den vil og gi eit samband mellom Årdal og Lom. Fylkesdirektøren meiner ruta vil gi avgrensa nytteverdi for andre reisande enn fotturistar. Kostnaden ved å overta turistruta vil vere om lag 250 000 kr. Det var 381 reisande med ruta i 2017. Legg vi til grunn fylkeskommunale takstar vil billettinntektene vere om lag 30 000.</p> <p>Fylkesdirektøren registrerar ein stadig pågang frå reiselivsnæringa om å bruke samferdslebudsjettet til å bygge opp lokal reiselivsnæring. Fylkesdirektøren rår til å halde fram med dagens praksis der rutene må tilføre det totale rutetilbodet ein nytteverdi.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.

				Fylkesdirektøren finn ikkje at det er kundegrunnlag og tilstrekkeleg nytteverdi inn i det ordinære rutenettet til å kunne tilrå den ruta det er søkt om.	
91	Ove Mikal Haveland #8#	Takst	Prisen for buss og båtreiser er for høg til å kunne vere eit godt alternativ til bil.	<p>Pris er ein viktig faktor for dei reisande.</p> <p>Prisen for buss og båt har hatt ekstraordinær auke siste åra som eit innsparingstiltak i fylkeskommunen.</p> <p>Utifrå dagens økonomiske rammer vil ikkje fylkesdirektøren rå til å justere takstane no.</p>	Det vert ikkje gjort endringar.